

Vurderingskriterier i Naturfag

Meland Ungdomsskule 8-10. klasse

Det er kompetansemåla i LK-06 som skal vurderast. Desse kompetansemåla finn ein i årsplanen for faget, som ligg på heimesida til skulen. Elevane har også fått utdelt årsplanen i papirform.

Elevane har høve til å vise tileigna kompetanse på fleire måtar:

- Prøver (skriftlege/munnlege)

- Gjennom munnleg aktivitet i timane, deltaking i faglege diskusjonar og samtalar omkring tema i.h.t. kompetansemåla.

- Gjennom elevforsøk (evne til å gjennomføre og levere elevforsøk). Ved elevforsøk har elevane moglegheit til å vise digital kompetanse ved innlevering på Itslearning.

- Eventuelle prosjektoppgåver/gruppeoppgåver kan også vera med i vurderingsgrunnlaget.

Kjenneteikn på måloppnåing

Høy måloppnåing Karakteren 5 og 6	<i>Eleven viser god kunnskap i alle delar av lærestoffet, klarer godt å vise eksemplar på dette. Eleven viser god evne til greie ut, finne og vurdere samanhengar, finne årsaker og følgjer, og vurdere, forstå og forklare prosessar. Skriftlege presentasjonar/prøvar er oversiktlege og skikkeleg svart på med sjølvstendige formuleringar. Stort sett alle oppgåver viser solide kunnskapar i forhold til fagets lærestoff. Eleven greier å delta aktivt munnleg i stort sett alle faglege samtalar og diskusjonar. Eleven utfører elevforsøk på ein nøyaktig og sjølvstendig måte, samt leverer rapportar med sjølvstendige konklusjonar med høgt fagleg innhald (faguttrykk , tabellar, grafar o.l). Eleven er flink å dra nytte av eksterne kjelder, eller andre delar av faget, som kan belyse lærestoffet.</i>
Middels måloppnåing Karakteren 3 og 4	<i>Eleven har varierende oversikt over lærestoffet. Kan ein del faktakunnskap, men har varierende evne til å sjå samanhengar. Klarar med litt hjelp å vise eksemplar og greie ut samanhengar, finne årsaker, vurdere, forstå og forklare prosessar. Eleven viser varierende munnleg kompetanse i timane. Eleven kan til ein viss grad vere munnleg aktiv, og delta i diskusjonar og samtalar. Eleven bruker ein del faguttrykk, stort sett på ein riktig måte. Eleven greier å gjennomføre elevforsøk, forsøksrapportar vert som oftast levert, men kan vera mangelfulle. Skriftlege presentasjonar/prøvar viser noko oversikt, men det kan vera fleire oppgåver som ikkje er svart på , er mangelfulle eller viser låg kompetanse.</i>
Lav måloppnåing Karakteren 1 og 2	<i>Eleven har litt oversikt over lærestoffet, men treng mykje hjelp for å vise dette. Greier å vere med og gjennomføre elevforsøk med mykje hjelp, men greier ikkje å levere rapport av arbeidet, og arbeidet er unøyaktig. Eleven kan vise noko kompetanse munnleg med mykje hjelp. Skriftlege presentasjonar/prøvar viser svært begrensa kunnskapar, og er formidla på ein uryddig måte med liten bruk av faguttrykk. Kan med mykje hjelp vurdere nokre samanhengar og finne årsaker.</i>

